

# Nimedalslager

## NUMEDØLEN



**Desember 2018**



numedalslaget i oslo

**Råkåfiskfesten 2019 – jubileumsfest og festtale om  
Numedalsmålet**

Råkåfiskfesten 2019 er på Røa Samfunnshus (Austlivn. 4, like ved Røa T-banestasjon) laurdag 26. januar kl. 18.30.

Dette blir ein jubileumsfest sidan laget er 110 år i 2019 og dette truleg er den 100. råkåfiskfesten.

På menyen står som vanleg råkåfisk frå Bjornesfjorden, lefsekling frå Veggli, mandelpotet og anna godt.

Festtalen er ved Sigrun Blaavarp Heimdal og Bjørn Ole Hovda frå Numedal mållag om numedalsmålet. Laget vart først skipa som Rollag mållag i 1923, og vart utvida til mållag for heile dalen i 2014. Føremålet kjem fram i § 1 i vedtektena frå 1923 som framleis gjeld: at laget vil samle numedølane *"til arbeid for den norske målreisingi"*. For å ta vare numedalsmålet har mållaget arbeidd med ei eiga nettside.

Det blir som vanleg variert dansemusikk med Solvår og Terje.

Inngang: Medlemmer kr 450, ikkje-medl. kr 500.

Påmelding innan 23. januar til: 97 75 40 18 (Bjørg), 66 80 64 32 (Ragnhild) eller e-post til [rilanderud@gmail.com](mailto:rilanderud@gmail.com).

Betal gjerne på førehand til bankkonto: 0530 19 32474. Merk betalinga med navn på deltakarane.

Vær venleg å melde på i god og respekter påmeldingsfristen!

Vi vil sette opp buss frå Numedal. Ta kontakt med Ottar for bestilling av buss (32 74 62 16 eller 92 09 52 36).



# numedalslaget i oslo

## **Innkalling til årsmøte i Numedalslaget i Oslo 4. mars 2019**

Styret kallar med dette inn til årsmøte mandag 4. mars kl. 19.30 i Nordahl Bruns gt. 22 (lagsrommet i kjellaren).

### Saksliste:

1. Opning
2. Val av ordstyrar, referent og to til å skrive under protokollen
3. Godkjenning av innkalling og saksliste
4. Årsmelding 2018
5. Rekneskap 2018
6. Medlemspengar for 2020
7. Styret forslår å stryke §7 punkt 1 i vedtekten om at laget skal eit eige lotterifond med eigne vedtekter. Dei andre punkta i same paragraf får etter dette nye nummer. Bakgrunnen for forslaget er styret ikkje ser behov for å skilje ut lotterifondet frå den ordinære verksemda i laget. I praksis har fondet vorte forvalta av styret dei siste åra sjølv om ein har eit eige styre for fondet.
8. Innkomne framlegg
9. Val

Framlegg må vera styret i hende seinast 20. februar 2019.



Terje og Solvor spelte til dans på Råkåfiskfesten i år. Foto: Svein Aasen.



# numedalslaget i oslo

## **Referat frå årsmøtet 2018**

Tilstades: Kjersti Aasen, Svein Aasen, Tormod Haug, Ragnhild Landerud

### **1. Opning**

Svein Aasen opna møtet og ønskte velkommen.

### **2. Konstituering**

Møteleiar: Tormod Haug

Referent: Ragnhild Landerud

Skrive under protokoll: Kjersti Aasen og Svein Aasen

### **3. Godkjenning av innkalling og saksliste**

Det var ingen kommentarar til innkalling/saksliste.

### **4. Årsmelding 2017**

Årsmelding 2017, som også omfatter Folkedansgruppa blei lese opp av Kjersti Aasen. Årsmelding for Numedalshytta blei lese opp av Tormod Haug.

Årsmeldingane blei godkjende med nokre få endringar.

### **5. Rekneskap.**

Svein Aasen (kasserar) gjekk gjennom rekneskapen for 2017, underteikna av kasserar og revisor 09.02.2018. Rekneskapen for 2017 blei godkjend.

Kommentar: Det blir ikkje lenger betalt forsikring for fana til Numedalslaget. Svein er derfor snill og tar fana heim til seg, dermed er den forsikra gjennom innboforsikringa han har.



# numedalslaget i oslo

## **6.Medlemspengar 2019**

Inga endring (vaksne:kr.350,- , barn/vaksne 14-25 år: kr.150,- , barn under 14 år: kr.50,- , bimedlemmar (hovudmedlem i eit anna NU-lag): kr.175,- )

## **7.Innkomne framlegg.**

Ingen innkomne framlegg

## **8.Val**

Årsmøtet gjekk til val på forslaga frå valkomiteen v/Ragnhild Landerud

Styremedlemmar: Svein Aasen og Kjersti Aasen tok attval, periode 2 år

Varamedlem: Tormod Haug blei valt, periode 1 år

Hyttestyret: Sigrid P. Talleraas tok attval, periode 2 år

Lotterifond: Walborg Tuft tok attval, periode 2år.

Revisor: Aasmund Flo tok attval, periode 1 år.

Valkomite: Bjørg Undebakke, Kjersti Aasen og Ragnhild Landerud tok attval, periode 1år.

Det blei bestemt at Kjersti Aasen og Svein Aasen er utsendingar til årsmøtet i BLS 19. mars 2018. Nils Øyvind Bergset er varamann.

Svein Aasen deltar på landsmøtet i NU 28.-29. april 2018 dersom BLS gir økonomisk støtte.

Styret takkar alle som har vore med på arbeid og aktivitetar i laget i 2018.



# numedalslaget i oslo

## Årsmelding 2017

### **Styret**

Styret sidan årsmøtet i 2017:

Kasserar: Svein Aasen

Styremedlemmer: Ragnhild Landerud, Nils Øyvind Bergset, Kjersti Aasen og Bjørg Undebakke

Varamedlem: Tormod Haug

Laget hadde ingen formell leiar i meldingsåret.

Svein Aasen var kontaktperson til BLS og NU. Han er og medlem i Folkedansnemnda i BLS. Svein Aasen og Kjersti Aasen deltok på leiarmøter og årsmøte i BLS. Svein Aasen deltok på landsmøte til NU i april 2017.

Laget har hatt eit hyttestyre, ei nemnd for hedersmerke/fortjenestemerke og eit styre i Lotterifondet.

I meldingsåret hadde laget 22 medlemmar. Av desse er 3 bimedlemmar (hovudmedlem i eit anna lag i NU/BLS). Laget har 6 æresmedlemmar: Reidun Kjønaas, Knut Kjønaas, Jørjan Strysse, Levor Traaen, Gunnar Ulbåsen og Svein Aasen. Laget har 1 livsvarig medlemskap: Valborg Dyrnes.

I meldingsåret har styret hatt 2 styremøter og elles hatt kontakt via e-post.

Årsmøtet var 6. mars og 5 medlemmer møtte opp.

Laget nyttar heimesidene på nettet til å informere om aktiviteten og reklamere for arrangement. Folkedansaktiviteten har også ei eiga sida på Facebook. Lagsavisa "Numedølen" kom ut med eitt nummer (desember).

### **Råkåfiskfest 28. januar**



# numedalslaget i oslo

Festen vart halden på Røa Samfunnshus.

Det var 47 personar til bords, av desse var 33 fullt betalande.

Attåt fisken var det som vanleg både kling, mandelpotet, lauk og rømme. Festen blei leia av Nils Øyvind Bergset. Øystein Morten frå Veggli snakka om Olav den Heilage. Musikken stod Solvår og Terje for

## Lagshytta

Hyttestyret for 2017 var: Sigrid Prestmoen Talleraas, Walborg Tuft, Tormod Haug og Levor J. Traaen, sistnevnte har fungert som formann.

Hytta til Numedalslaget har fått egen adresse: Trulsebråten 52. Uthuset har fått nr. 52 A og Numedalshytta nr. 52 B. Gårds og bruksnr. er: 114/38.

Det vises forøvrig til årsmeldingen for 2016, hva som bør gjøres med hytta i 2017.

Styret mente det var viktig å få beisa hytta mens det enda var sol og varme, og den 22. august ble det avtalt befaring og dugnad på hytta. Foruten et fulltallig styre ble også Torgeir, Sigrids mann med, da de var på videre tur til Numedal. Da det har skjedd en del byggevirksomhet i området de siste årene, avtalte vi å møtes på Maxbo, Bærums Verk. Her kjøpt vi med oss bla. 9 liter beis. Kjørte så samlet til nærmeste parkeringsmulighet nedenfor den tidligere Døvehytta. Videre gikk vi forbi den gamle nå nyoppussa nabohytta nedenfor og kom så inn på den gamle nå igjengrodde stien som ble brukte på 1950 – 60 årene opp til hytta. Dette var før traktor/bilveien her ble bygd.

Vi fant oss snart til rette, fikk ut bord og stoler på terrassen og startet dagen med medbrakt kaffe og Ingebjørgs boller i formiddagssola. Tormod organiserte arbeidet med fordeling av beis, spenn og koster. Etter et par timer var hytta nybeisa og Sigrid og Torgeir kjørte videre til Numedal. Vi andre brukte opp den resterende beisen på uthuset..



# numedalslaget i oslo

Det som nå står igjen til neste sommer er beising og rengjøring på resten av uthuset og doen. Terrassen var høsten -17 gjennomtrukket av fuktighet, og kunne derfor ikke beises før neste sommer.

Dette var en historisk dag i og med at hele hyttestyret var samlet til befaring og dugnad på hytta.

Det vises også til årsmeldingen for 2016; Hva med hyttas fremtid, og grensemerking mot naboeiendommene.

Møte i Lommedalen vedr. Ny vannforsyning til Oslo fra Holsfjorden gjennom Lommedalen der undertegnede var til stede Dette var et orienterings møte. Saken var enda ikke sendt Bærum Kommune, Planen ble møtt med stor skepsis fra lommedølene. Dette på grunn av all de overflødige steinmassene i forbindelse med vann tunnelen gjennom dalen. Dette vil ta tid og er vel langt frem i tiden. Jeg kan ikke skjonne at dette vil kunne få noen stor betydning for hytta vår. Kanskje tvert i mot at dette kan eventuelt medføre tillatt mer fremtidig bebyggelse i området her.

## Folkedansaktiviteten

Det var 19 ordinære øvingskveldar gjennom året, fordelt på 11 i vårsemesteret og 8 i haustsemesteret. Nils Øyvind Bergset var instruktør på øvingskveldane våre. Når han var borte var Kjersti Aasen instruktør. Kenneth de Gala spelar fast på øvingane. Tor Inge Bue og Johanne Flottorp har spelt på ei øving kvar.

Totalt sett var det 111 frammøter på øvingane, 16 fleire enn året før. I tillegg kjem spelemann og instruktør. Totalt har 24 ulike personar møtt fram. Av desse var det 6 guitar og 17 jenter. Gjennomsnittleg oppmøte var 5,84 personar per øving. Det minste tal frammøtte på ei øving var 3, og det meste var 10.

Folkedansgruppa er med og arrangerar Folkedanskveld to gonger i året. Då steiker vi vaflar og kokar kaffi i Nordahls Brunsgate 22 for eit dansande publikum. Vi tar og nokre gangar- og springarsteg i eit mikrokurs i pauza.



## numedalslaget i oslo

Fleire av dei som var med på øvingskveldane er aktive kappdansarar. Dette gjeld Nils Øyvind Bergset, Marit Måge, Svein Aasen, Kjersti Aasen, Arna Desser. Par frå Numedalslaget var med på Markenskappleik på Kongsberg, Lanskappleik på Røros, Hilmestemne på Fagernes, Landsfestival i Oppdal og Oslokappleik.

Vi prøver å stille lag i lagdans på kappleik så ofte vi kan og då stiller vi gjerne saman med par frå Numedal Spel- og dansarlag. På Lanskappleiken vart vi nummer 17 av 25 lag. På Hilmestemnet blei vi nummer 4 av 6 lag.

Dansarar frå laget var med på framsyningar på Råkåfiskfesten i januar, folkemusikkmesse i Sverige, framsyning av stegar under Lanskappleiken og på folkemusikkmesse i Rollag stavkyrkje.

I september var også heile BLS-fellesskapet med å arrangerte Kulturnatt i Oslo. Det var mellom anna bygdedansfest og kursing av dei som kom innom på eit arrangement som fylde Nordahl Brunsgate til langt på natt.



Even Tråen var festtalar på Råkåfiskfesten i januar 2018. Han tok også fram hardingfela og spelte. Foto: Svein Aasen.



# numedalslaget i oslo

## Tillitsvalde 2018

Styret:		Tlf.
Kasserar:	<b>Svein Aasen</b> Haugerudhagan, 58, 0673 Oslo e-post: svein.aasen@multiconsult.no	48 29 99 81
Styremedlemmer:	<b>Ragnhild Landerud</b> Kongeveien 45, 1412 Sofiemyr e-post: rilanderud@gmail.com	45 01 91 36
	<b>Nils Øyvind Bergset</b> Otto Ruges vei 35 B, 1361 ØSTERÅS e-post: niloberg@online.no	41 63 95 67
	<b>Kjersti Aasen</b> Erlendsvei 48, 0669 Oslo e-post: aasenkjersti@gmail.com	98 06 21 65
	<b>Bjørg Undebakke</b> Fallanveien 30 B, 0495 Oslo e-post: bjorg.tora.undebakke@gmail.com	97 75 40 18
Varamedl.:	<b>Tormod Haug</b> Rosenhaven 10, 1385 Asker e-post: tormod.s.haug@gmail.com	908 54 279
Hyttestyre:	<b>Levor Traaen</b> Tillesløkka 13, 1349 Rykkin e-post: levorj@hotmail.com	67 13 47 19
	<b>Walborg Tuft</b> Havreveien 9, 0686 Oslo	93 26 23 56



# numedalslaget i oslo

e-post: [wutuft@gmail.com](mailto:wutuft@gmail.com)

**Sigrid Prestmoen Talleraas** 90 01 99 70

Kittelsensvei 72, 1415 Oppegård

e-post: [sigrid.talleraas@hotmail.com](mailto:sigrid.talleraas@hotmail.com)

**Tormod Haug** 908 54 279

Revisor: **Aasmund Flo** 91 62 78 71

Fallanveien 30 B, 0495 Oslo

[aasmund.flo@gmail.com](mailto:aasmund.flo@gmail.com)

Hedersmerke/  
**Svein Aasen** 48 29 99 81

Fortjenestemerke  
**Levor Traaen** 67 13 47 19

Lotterifond: **Walborg Tuft** 93 26 23 56

**Knut Kjønaas** 41 33 42 00

Sundstredet 126, 1531 MOSS

e-mail: [k.kjonaas@rybeltron.no](mailto:k.kjonaas@rybeltron.no)

**Nils Øyvind Bergset** 41 63 95 67

Valkomite: **Ragnhild Landerud**  
**Kjersti Aasen**  
**Bjørg Undebakke**



numedalslaget i oslo

**Bygdedans frå Numedal vinteren og våren 2019**

14. januar  
28. januar  
11. februar  
25. februar  
11. mars  
25. mars  
8. april  
6. mai  
20. mai  
3. juni  
24. juni

Desse mandagskveldane er det kurs/øving i bygdedans frå Numedal i Blåsalen i Nordahl Bruns gt. 22. Vi startar klokka 19.30, og ønskjer velkommen til gamle kjende og til den som vil prøve seg på ein ny dans.

Instruktør: Nils Øyvind Bergset  
Spelemann: Kenneth de Gala

Kursavgift:  
250,- for medlemmer  
350,- for ikkjemedlemmer  
40,- per enkeltkveld

Ved spørsmål kontakt Nils Øyvind Bergset: 416 39 567.

Kurset er støtta av Studieforbundet Kultur og Tradisjon.

[www.numedalslaget.no](http://www.numedalslaget.no)



numedalslaget i oslo

## Folkedanskveldar våren 2019

Følg med på [www.bls.no](http://www.bls.no) for oppdatert oversikt.

Dato	Teknisk arrangør / Gruppe/spelemannslag	Minikurs
<b>Januar '19</b>		
<b>06.</b>	Folkedansnemnda / Fanteladdene	Springleik
<b>13.</b>	Numedalslaget / Terje Rusten m/venner?	Folketango
<b>20.</b>	Sogn og Fjordaneringen / Bærum spelemannslag	Bingsjø
<b>27.</b>	Symra / Symradern og Att og fram	Springar frå N. Sunnmøre
<b>Februar '19</b>		
<b>03.</b>	Valdreslaget / Elise Tegner m/venner	Hallingspringar
<b>10.</b>	Hordaringen / Steinsgårdskroken	Rørospols
<b>17.</b>	Sogn og Fjordaneringen / Østerdølenes	Boda
<b>24.</b>	Avlyst - Rørosmartnan	Avlyst
<b>Mars '19</b>		
<b>03.</b>	Symra / Farande Fant	Stildans
<b>10.</b>	Hallinglaget / Eiker spellemannslag	?????
<b>17.</b>	Sogn og Fjordaneringen / Østerdølenes	Bingsjø
<b>24.</b>	Hordaringen / Fanteladdene	Finnskogspols
<b>31</b>	Telelaget / Bærum spelemannslag	????
<b>April '19</b>		
<b>07.</b>	???? / De Frilynde	????
<b>14.</b>	Avlyst - Palmesøndag	Avlyst
<b>28.</b>	Symra / Dølalæte	Stildans
<b>Mai '19</b>		
<b>05.</b>	Hordaringen / Feleboga	Springleik
<b>12</b>	Avlyst - Rørosleken	Avlyst
<b>17.</b>	Folkedansnemnda / De Frilynde	Ingen minikurs
<b>26.</b>	????? / Golaget	????



# numedalslaget i oslo

## Medlemspengar for år 2019

Prisane er uforandra frå 2018. Medlemspengane for 2019 er:

Kr. 350,- for vaksne over 26 år

Kr. 150,- for born/vaksne 14 - 25 år

Kr. 50,- for born under 14 år

Kr. 175,- for bi-medlemskap (hovudmedlem i eit anna NU-lag)

Medlemspengane skal betalast til Numedalslaget i Oslo Nordahl Brunsgrt. 22, 0165 Oslo **kontonummer: 0530 19 32474**.

For 2019 vert det ikkje sendt ut giro – treng du det ta kontakt med kasserar Svein Aasen

### **Støtt Numedalslaget gjennom grasrotandelen**

Numedalslaget i Oslo er nå registrert i Frivillighetsregisteret. Dette betyr at du også kan støtte laget gjennom grasrotandelen til Norsk Tipping.

Be kommisjonæren registrere organisasjonsnummeret: 995 067 781.



Det ligg ein god del arbeid bak å arrangere Råkåfiskfesten.  
Kjøkkengjengen fortener stor ros. Foto: Svein Aasen



# numedalslaget i oslo

## Råkåfiskfesten 2018

Råkåfiskfesten blei arrangert på Røa samfunnshus laurdag 27. januar 2018. Som vanleg var det god mat og drikke og eit interessant foredrag ved Even Tråen om Ljåsmiing i Numedal. Det blei også god tid til å skravle med gamle kjende og til å ta seg ein svingom. Lars Peder Larsgård leia festen.




Det var eit fint dekka bord. Foto: Svein Aasen.



Mykje fin fisk blei servert på Råkåfiskfesten. Foto: Svein Aasen.



numedalslaget i oslo



Avsender: Numedalslaget i Oslo, Nordahl  
Brunsgt. 22, 0165 OSLO

---

### **Medlemsfordelar i Numedalslaget og Noregs Ungdomslag**

- 20 % rabatt på Comfort Hotel Saga, Tromsø.
- 10% rabatt på BAR-prisar (beste tilgjengeleg pris) på Hotel Bondeheimen i Oslo.
- 20 % rabatt på Det Norske Teatret i Oslo.
- Rabatt på eit utval Kaffistover.
- NU har avtale med Nordic Choice-kjeden. For å få rabatt, må du då gå direkte på [www.nordicchoicehotels.no/](http://www.nordicchoicehotels.no/) og skriv inn i feltet *kampanjekode*: 66457 det vil då kome opp prisar merka *idrett*. (20%) rabatt.